

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

**STAD:** Haugesund sjukehus 6.etg

**MØTETIDSPUNKT:** 03.04.17 kl. 13.00 – 15.20

**Styremøte var ope for publikum og presse**

---

### DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Brian Bjordal	Nestleiar
Liv Kari Eskeland	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Solfrid Borge	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Tove Martha Callaghan	Medlem

### DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Margareth Langebro	Kommunikasjonssjef
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef
Jan Håvard Frøyland	Økonomidirektør

**SAKLISTE**

Sak 18/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 19/17	Godkjenning av protokoll 07.03.17
Sak 20/17	Administrerende direktør si orientering
Sak 21/17	Rapport frå verksemda
Sak 22/17	Forprosjekt Haugesund sjukehus
Sak 23/17	Styret si årsmelding og årsrekneskap for 2016
Sak 24/17	Styringsdokument Helse Fonna 2017
Sak 25/17	Høyring Helse 2035
Sak 26/17	Oppfølging av internrevisjonsrapport «Handtering av Uønskete hendingar i helseføretaka»

**UNDERLAG**

Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt  
Vedlagt

Lukka sak

Lov om helseføretak § 26a 4.ledd

Sak 27/17 Forhandlingsfullmakt for lønsoppgjeret 2017

Saker til orientering:

Sak 28/17 Eventuelt  
Skriv og meldingar

Vedlagt

---

**Sak 18/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Administrerende direktør meldte to nye punkt til sak 20/17 Administrerende direktør si orientering.

**Vedtak [samrøystes]**

Innkalling og dagsorden ble godkjent

**Sak 19/17 Godkjenning av protokoll frå styremøte 07.03.17****Vedtak [samrøystes]**

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 07.03.17

**Sak 20/17 Administrerende direktør si orientering**

1. Rapportering tilsynssaker  
Administrerende direktør viste til vedlagt notat

2. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrerande direktør viste til vedlagt notat

3. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrerande direktør viste til vedlagt notat

4. Varsel om søksmål

Styret vedtok å lukke møtet etter Helseføretakslova § 26a, andre ledd, punkt 2

Administrerande direktør informerte om dei vurderingane som er gjort i denne saken.

Styret støtter vurderingane. Administrerande direktør held styret orientert.

5. Erverv av eigedom

Styret vedtok å lukke møtet etter Helseføretakslova § 26a, andre ledd, punkt 2

Administrerande direktør orienterte om status i saken, kontakt med Haugesund kommune og tiltak som er i gang. Styret diskuterte saka og var samde om vidare framdrift.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret tek meldingane til orientering

### **Sak 21/17 Rapport frå verksemda**

#### **Oppsummering**

Resultatet for februar 2017 syner eit overskot på 2,2 millionar kroner etter korreksjon for pensjonskostnader utover føresetnadane i budsjettet, mot eit budsjettert overskot på 3,3 millionar kroner Dette gir eit negativt budsjettavvik på 1,1 millionar kroner.

Inntektene totalt denne månaden viser eit negativt avvik på 5,3millionar kroner.

Personalkostnadane inkludert inn leige av personell frå byrå viser denne månaden eit positivt avvik på 1,9 millionar kroner.

Rekneskapen for månaden syner at kostnadane til kjøp av varer og tenester gir eit samla budsjettmessig positivt avvik på 4,7 millionar kroner.

Andre driftskostnadar viser denne månaden samla sett eit negativt avvik på 0,5 millionar kroner.

Helse Fonna HF har fått tildelt 10,3 millionar i sysselsetjingsmidlar i 2017 som skal nyttast til vedlikehaldstiltak.

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 467,3 millionar kroner, noko som er opp 13,4 millionar kroner i forhold til førre månad.

### **Aktivitet og kvalitet**

I februar har det vore høgare aktivitet på poliklinikkane innan somatikken, rusfeltet og psykisk helsevern samanlikna med i fjor. Talet på innlagde pasientar varierer mellom fagfelte samanlikna med fjoråret.

Gjennomsnittleg ventetid for alle behandla pasientar var 55 dagar. Innan somatikken var ventetida for behandla pasientar 56 dagar, innan BUP-feltet 45 dagar, innan psykisk helsevern for vaksne 32 dagar og innan rusfeltet 18 dagar.

27 pasientar hadde venta meir enn eitt år.

82 pasientar blei behandla etter fristen gjekk ut i februar. 60 pasientar på ventelistene har ikkje fått time innan fristen som er sett. Årsaker og tiltak er vist i rapporten.

Fire av fem av fem epikriser blei sendt innan fristen på sju dagar.

### **Utskrivningsklare pasientar**

49 pasientar låg tilsaman 85 døgn i sjukehus etter at dei var melde utskrivningsklare til kommunane. Dette er lågare tal enn for januar i år og vesentleg lågare enn på same tid i fjor.

### **Korridorpasientar**

2,5 prosent av sengedøgna i somatikken var i snitt på korridor i månaden. Dette er ein nedgang på eit halvt prosentpoeng (68 døgn) frå førre månad.

### **Medarbeidar**

Sjukefråværet var 7,4 prosent i februar.

### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.
2. Styret i Helse Fonna HF er uroa over talet på fristbrot på Stord.
3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør gjere greie for tiltak for å redusere talet på fristbrot på Stord.

### **Sak 22/17 Forprosjekt Haugesund sjukehus**

#### **Oppsummering**

Helse Fonna gjorde i 2011 ein gjennomgang av vedlikehaldsstatus for bygningane i helseføretaket. Kartlegginga blei lagt fram for styret i Helse Fonna HF i 2011 (sak 102/11 B).

Første versjon av utviklingsplanen blei lagt fram for styret i Helse Fonna HF den 28. mars 2012 (sak 26/12). Oppdatert og revidert versjon av utviklingsplanen blei lagt fram for styret den 30. mai 2013 (sak 37/13). Utviklingsplanen blei vedtatt av styret i Helse Fonna i juni 2013 i sak 58/13.

I styremøtet i juni 2013 blei grunnlaget for start av idéfasen vedtatt. Idéfasen blei gjennomført i 2014.

Idéfaserapporten og mandat for konseptfasen blei godkjent i styremøte i Helse Fonna HF den 17. november 2014 (sak 80/14 A).

Styret i Hele Vest RHF handsama idéfaserapporten i styremøte 8. desember 2014 (sak 136/14) og godkjende at planlegging av utbygging av Haugesund sjukehus vart vidareført til konseptfase.

Konseptfaserapporten blei handsama av styret i Helse Fonna 04.04.16 i sak 14/16

Styret i Helse Vest RHF handsama konseptrapporten på styremøte 04.05.16 i sak 061/16 og gjorde følgjande vedtak:

1. *Styret i Helse Vest RHF godkjenner at Vest-alternativet for Haugesund sjukehus blir vidareført til forprosjekt.*
2. *Helse Fonna må i samband med forprosjektet svare opp alle merknadane/kommentarane frå den eksterne kvalitetssikringa og nytte desse til å betre prosjektet. Det må gå fram av forprosjektrapporten korleis det er gjort.*
3. *Kostnadsramma vert sett til 1,8 mrd. kr for byggetrinn1 med ombygging og 1,5 mrd. kr for byggetrinn 2, samla 3,3 mrd.*
4. *Helse Fonna må i forprosjekt også kvalitetssikre eiga evne til å finansiere utbygginga.*
5. *Prosjektet må planleggast for gode miljø- og energiløysingar.*
6. *Helse Vest vil ta endeleg stilling til utbygging når forprosjektfasen er gjennomført*

Helse Fonna har lagt dei seks ulike vedtaks punkta frå Helse Vest i sak 061/16 til grunn for arbeidet med forprosjektet.

Firmaet Deloitte blei engasjert for å gjere ekstern kvalitetssikring (KSK) av konseptfaserapporten og leverte ferdig rapport 01.03.16.

KSK-rapporten sin oppfatning er at eventuelle endringar og justeringar ikkje vil virke inn på val av alternativ. KSK-rapporten støtter prosjektet si anbefaling om å gå vidare med Vestalternativet i forprosjektfasen.

Arbeidet med Organisasjonsutvikling og oppfølging av gevinstar vart følgt tett opp frå byggprosjektet og i forprosjektfasen. Prosessane rundt prosjektering og programmering, gevinstrealisering og organisasjonsutvikling må henge tett saman, og er i forprosjekt og vidare fram underlagt same organisering og leiing.

Berekningane av helseføretaket si økonomiske bereevne har vore førande for vurderingar av helseføretaket sin investering i nytt og eksisterande bygg. Den overordna kostnadsramma for prosjektet er på denne bakgrunn utarbeid av Helse Fonna HF med utgangspunkt i helseføretaket si bereevnevurdering og vart godkjent gjennom behandlinga av konseptrapporten våren 2016. Ved godkjenning av mandatet for forprosjektfasen ble kostnadsramma inkl. avsetning for usikkerhet satt til 1,797 mrd. kr (2015-kr) for byggetrinn 1 (nå indeksert til 1,853 mrd. kr per juli 2016, dvs. en

indeksring på 3,1 % frå 2015 i tråd med den generelle indeksringa i spesialisthelsetenesta i same periode).

Berevna er kvalitetssikra på ny i forprosjektet . Helseføretaket vil i byggjetrinn 1 kunne investera for 1. 853 milliardar kroner. Helseføretaket har sidan 2011 gjennom kontinuerleg forbetningsarbeid og omstilling klart eit betre resultat enn krav. Dette er og gjeldande for 2016

Føringar for forprosjektfasen :

- Tidlegfasevegleiar
- Styrevedtak i Helse Fonna HF og Helse Vest RHF
- Ekstern kvalitetssikring i konseptfasen
- Leggje til rette for eit bygg som understøtter at det er pasienten sin helseteneste
- Prosessen skal sikre brukarmedverknad
- Den økonomiske totalramma(1,797 mrd. i byggetrinn 1 og 1,540 mrd. i byggetrinn 2 -2015 kr)
- Dei prinsipielle føringane på driftskonseptet som er lagt i konseptfasen
- Dei vedtatte kvalitative og kvantitative gevinstane
- Dei identifiserte OU prosessane
- Sikre framtidsretta løysingar i tråd med framskriving til 2040.
- Sikre funksjonar i «raude bygg»
- Sikre gode løysingar for psykisk helsevern i byggjeperioden
- Sikre god logistikk og nærleik for viktige funksjonar
- Leggje til rette for gode pasientforløp og rasjonell drift

Det har vore brei involvering av medarbeidarar, tillitsvalde, verneombod og brukarar i forprosjektfasen. Over 200 personar har vore involvert i dei ulike gruppene.

Styret i Helse Fonna vart i møte 13.01.2017 orientert om entreprisestrategien som er tenkt knytt til ByggHgsd2020. Denne strategien ligg til grunn for den tidsplan som er lagt for det vidare arbeidet.

Ny reguleringsplan er sendt til Haugesund kommune og denne er forventa godkjent i oktober 2017.

Prosjektet har brukt mye tid på utgreiing av løysing for dagens energisentral. Ein har etter utgreiingar og ROS analyse landa på ein tilfredstillande løysing.

### **Administrerande direktør si tilråding**

Administrerande direktør tilrår at kostnadsrammene i forprosjektrapporten blir lagt til grunn for innhenting av anbod og byggestart.

Administrerande direktør tek atterhald om godkjenning i Helse Vest og finansiering i statsbudsjettet for 2018. Administrerande direktør tilrår å førebu utlysning av enterprise for grunnarbeider og byggjegrop i tida fram til statsbudsjettet for 2018 blir lagt fram.

Administrerande direktør tilrår å førebu utlysning av enterprise for grunnarbeider og byggjegrop i tida fram til statsbudsjettet for 2018 blir lagt fram.

Administrerende direktør informerte om kjente risikofaktorar og milepælane så langt i prosessen. Laila Nemeth orienterte om suksessfaktorar og trakk spesielt fram arbeidet med gevinstrealisering og OU prosessane som er godt samarbeid.

Styret diskuterte rapporten . Styret er imponert over arbeidet som er utført fram til ferdig forprosjektrapport.

Styret bad administrerende direktør ivareta tiltak for å unngå sosial dumping og arbeidsmiljøkriminalitet i vidare arbeid med enterprisegrunnlag og utlysning av kontraktar.

### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret i Helse Fonna HF tek rapporten frå forprosjektet med vedlegg til etterretning
2. Styret i Helse Fonna HF godkjenner at forprosjektet blir lagt til grunn for innhenting av anbod og byggestart
3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende førebu utlysning av enterprise for grunnarbeider og byggjegrup, og informere styret før utlysning skjer
4. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør sende vedtak og forprosjektrapport med vedlegg til Helse Vest RHF for vidare handsaming
5. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør halde styret i Helse Fonna HF løypande informert om det vidare arbeidet

### **Sak 23/17 Styret si årsmelding og årsrekneskap for 2016**

#### **Oppsummering**

Partner, Leder Revisjon Stavanger Ellen Marie Marvik i BDO AS presenterte oppsummering av årsoppgjøret 2016. Revisor overleverte ei rein revisorberetning 2016 til styreleiar etter vedtak.

Styret og revisor gjennomførte eit lukka møte etter behandlinga av årsrekneskapet.

### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret i Helse Fonna HF godkjenner årsmelding og årsrekneskap for 2016
2. Styret i Helse Fonna HF godkjenner erklæring om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette, inkludert retningsliner for fastsetting av lønn og godtgjersle for 2016. Jf. note 6 i årsrekneskapen

### **Sak 24/17 Styringsdokument Helse Fonna 2017**

#### **Oppsummering**

Styringsdokument 2017 Helse Fonna HF ble vedteke i føretaksmøte 08.03.2017

Gjennom styringsdokumentet vil Helse Vest RHF gi helseføretaka ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2017. Styringsdokumentet skal klargjere dei premissane og rammene som gjeld for verksemda, og inneheld mål og dei resultatkrava som blir stilte til helseføretaka.

Dokumentet utfyller og konkretiserer oppgåver som det skal leggast vekt på, og som skal prioriterast. Desse oppgåvene må ein sjå i samanheng med:

- Mål, rammer og retningslinjer for helsetenesta som går fram av lov og forskrifter.
- Oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet.
- Krav stilt i føretaksmøte til Helse Vest RHF, inkludert tidlegare styringskrav.

Helseføretaka må òg gjere seg kjende med:

- Krava i Oppdragsdokumentet til Helse Vest RHF for 2017.
- Krav i protokoll frå føretaksmøte mellom Helse Vest RHF og HOD den 10. januar 2017.
- Innhaldet i sjukehustalen som helse- og omsorgsministeren holdt 10.januar 2017 .

Helse Vest legg til grunn at helseføretaka sikrar at styringsdokumentet blir gjort kjent for leiarar på alle nivå i organisasjonen, og at det er etablert system for korleis krava i dokumentet skal operasjoniserast i verksemda.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tek styringsdokumentet for Helse Fonna HF 2017 til etterretning.

## **Sak 25/17 Høyring Helse2035**

### **Oppsummering**

Helse Vest satt i februar 2016 i gong med å revidere den gjeldande strategien for helseregionen, «Helse 2020». Arbeidet er organisert som eit prosjekt leia av prosjektdirektør i Helse Vest RHF. Styringsgruppa har bestått av dei administrerande direktørane i føretaksgruppa saman med brukarrepresentantar, tillitsvalde og verneombod. Det ligg no føre eit høringsutkast av ny revidert strategiplan, med namnet «Helse 2035». Planen er overordna og dannar grunnlag for dei regionale fag – og funksjons planar som går djupare inn på det enkelte fagområde.

Klinikkdirektør Anne Hilde Bjøntegård orienterte om prosessen og svarte ut spørsmål.

### **Vedtak [samrøystes]**



Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør utforme høyrings svar i tråd med saka og dei innspela som kom i styremøtet

## **Sak 26/17 Oppfølging av internrevisjonsrapport «Handtering av uønskte hendingar i helseføretaka**

### **Oppsummering**

I styresak 26/16 vart styret i Helse Fonna orientert om internrevisjon gjennomført i Helse Vest RHF knytt til system for handtering av uønskte hendingar i føretaka. Føremålet med revisjonsprosjektet var å undersøkje i kva grad føretaka har hensiktsmessige retningslinjer og prosessar for handtering av uønskte hendingar, korleis desse fungerer i praksis og på kva måte avviksmeldingane blir brukte til læring. Rapporten frå internrevisjonen blei gjennomgått i styremøte 29.04.16 og var lagt ved innkallinga til styremøtet.

Med utgangspunkt i tilrådingar i revisjonsrapporten vart det utarbeida ein handlingsplan i Helse Fonna for handteringa av uønskte hendingar. Denne blei behandla i styresak 26/16 og i ettertid sendt til internrevisjonen i Helse Vest RHF.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tek administrerende direktør si oppfølging av internrevisjonsrapporten «Handtering av uønskte hendingar i Helseføretaka» frå Internrevisjonen i Helse Vest RHF til etterretning

### **Sak 28/17 Eventuelt / Skriv og meldingar**

1. Årsplan for styret i Helse Fonna 2017
2. Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 02.11.16
3. Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 07.12.16
4. Oversendelse - Tilsynsmelding 2016
5. Protokoll fra foretaksmøte i Helse Fonna HF 08.03.2017
6. Avtale for pasienttransport med drosje i Tysnes kommune
7. Brev til Tysnes kommune vedrørende avtale for pasienttransport med drosje i Tysnes kommune
8. Svarbrev Ullensvang Herad

Skriv og meldingar blei tatt til orientering

Sak 27/17 blei handsama etter sak 28/17, med berre dei eigaroppnemnde styremedlemmene til stades.

Saka blei lukka etter lov om helseføretak § 26a 4.ledd

### **Sak 27/17 Forhandlingsfullmakt for lønsoppgjeret 2017**

#### **Vedtak [samrøystes]**

Administrerende direktør får fullmakt til å føre forhandlingar innan den økonomiske ramma som styret gjev.

Ref. Ingebjørg Kismul

03.04.17

---

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
----------------------	------------

---

Brian Bjordal	Nestleiar
---------------	-----------

---

Liv Kari Eskeland	Medlem
-------------------	--------

---

Hilde Brit Christiansen	Medlem
-------------------------	--------

---

Gunnar Birkeland	Medlem
------------------	--------

---

Solfrid Borge	Medlem
---------------	--------

---

Nina Budal	Medlem
------------	--------

---

Pål Osjord Midbøe	Medlem
-------------------	--------

---

Tove Martha Callaghan	Medlem
-----------------------	--------

---

Helge Espelid	Medlem
---------------	--------